

Sellevoll nummer 64 i Birkebeinerrennet

Claus Sellevoll (M35-39) gjekk Birken på sterke 2.37.38.



Av Ketil Tjore
ketil@strilen.no

Den tida gav ein 64. plass uansett klasse mellom dei oppunder 14.400 som stilte til start i det 54 kilometer lange skirennnet laurdag.

Nordhordland skiklubb melder at Sellevoll hadde god «drahjelp» gjennom rennet.

– Sellevoll hadde ei stund augekontakt med Oddbjørn Hjelmeset, etter at dei første tøffaste stigningane opp til Skramstadsætra var unnagjort. Men Sellevoll klarte aldri å hekta seg på Hjelmeset, og fann ein annan kjent rygg i staden. Nemleg den tidlegare olympiske meister Erling Jevne. Sellevoll beit seg fast og gjekk saman med Jevne store deler av rennet, heiter det i ei melding frå skiklubben.

På veg inn på Birkebeinar ski-stadion let ikkje Claus sjansen gå frå seg. Ut av siste sving på oppløpet staka han det han var god for, og slo den tidlegare Birkebeinarvinnaren Jevne med to sekund i mål. Det held til 64. plass i Birkebeinerrennet uansett klasse.

20. merke for Mørch

Steinar Mørch hadde før rennet laurdag 19 merke på 19 startar, og var i slag også dette året. Faktisk sette han ny pers med over tre minutt, kom inn på 3.33.55, og fekk dermed sitt 20. merke.

M65-lassen starta ein time før eliteklassen, og Mørch var dermed den første ute i løypa av Nordhordland skiklubb sine fjorten deltakarar.

Kenneth Alvær tok også merket, etter å ha fullført dei 54 kilometerane på 3 timar 7 minutt og 1 sekund.

Merke til Stusdal

I pulja etter Kenneth Alvær starta Bjørnar Stusdal (M25-29). Stusdal hadde ei god oppleving over



STERKT LØP: Claus Sellevoll fullførte nok eit sterkt langdistanseløp, og vart den beste frå Nordhordland med tida 2.37.38. Her er han i aksjon under Vasaloppet for to veker sidan. (Arkivfoto: Nordhordland skiklubb)

fjellet frå Rena til Lillehammer, komme i mål på solide 3 timar, klarte med det merkekravet med over 20 minutt margin.



VED GODT MOT: Seks av dei ni deltakarane frå Nordhordland skiklubb: Claus Sellevoll, Kenneth Alvær, Trond Austrheim, Atle Austrheim, Rune Minde og Bjørnar Stusdal. (Foto: Nordhordland skiklubb)

RESULTAT

BIRKEBEINERRENNET

Deltakarar frå Nordhordland skiklubb:

- Klasse: M25, (Menn 25 - 29 år)
makstid: 03:39:20
Bjørnar Stusdal 03:13:41
- Klasse: M30, (Menn 30 - 34 år)
makstid: 03:41:38
Espen Foseid Aakre 04:17:07
- Klasse: M35, (Menn 35 - 39 år)
makstid: 03:54:56
Claus Sellevoll 02:37:38
Børge Sellevoll 03:43:06
- Klasse: M40, (Menn 40 - 44 år)
makstid: 03:36:10
Trond Austrheim 03:57:58
Magne Fostervold 04:17:02
- Klasse: M45, (Menn 45 - 49 år)
makstid: 03:38:07
Kenneth Alvær 03:07:01
Sigve Eldøy 03:51:43
- Klasse: M50, (Menn 50 - 54 år)
makstid: 03:42:26
Atle Austrheim 03:43:38
Torbjørn Aamli 04:21:28
- Klasse: M55, (Menn 55 - 59 år)
makstid: 03:43:42
Rune Minde 03:46:32
Reidar Ladehaug 05:04:36
- Klasse: M60, (Menn 60 - 64 år)
makstid: 03:52:06
Harald Håbrekke 05:00:45
- Klasse: M65, (Menn 65 - 69 år)
makstid: 04:03:44
Steinar Mørch 03:33:55

Børge Sellevoll (M35-39) var med for aller første gong, utan seedingar å visa til. I motsetnad til broren Claus måtte han dermed starta aller sist, og dermed er tida 3.43.06 sterk. Børge kom i mål vel åtte minutt etter merkekravet, i klassen med den tøffaste makstida. For å klara merket må ein vera i mål innanfor snitt-tida til dei fem beste, pluss 25 prosent.

Frå hjul til ski

Tidlegare syklist Gunnar Eidsheim frå Eikanger (no Fana IL) gjekk eit godt skirenn i Birkebeinerrennet. Eidsheim går i (M30 - 34 år), og kom i mål på 3.33.46. Det var innanfor merkekravet, som var 3.41.38.